

Forum for natur og friluftsliv Agder
Postboks 101
4662 Kristiansand
(e-post: agder@fnf-nett.no)

Kristiansand, 23.01.17

Hægebostad kommune
Laukroveien 4
4595 Tingvatn

Merknader til snøscooterløyper – førehandsvarsel for utarbeiding av lokal forskrift i Hægebostad kommune

FNF Agder er gjort kjent med at Hægebostad kommune varslar oppstart av arbeid med lokal forskrift for etablering av snøscooterløyper for rekreasjonskøyering, og ynskjer å kome med følgjande merknader;

Verknader for friluftsliv


Vi er glad for at Hægebostad kommune har meldt interesse for å kartleggje og verdsette sine friluftslivsområder. Med ei slik oversikt vil ein sikre at vedtaket om snøscooterløyper kan gjerast på best mogleg kunnskapsgrunnlag.

Vi har merka oss at begge løypeforslaga delvis ligg i det som kallast regionalt svært viktige friluftslivsområde (<http://vaf.no/media/5280639/Temakart-%E2%80%93-Viktige-og-svaert-viktige-regionale-friluftsomraader-i-Vest-Agder.pdf>). Det må sikrast at det ikkje blir konflikt mellom skiløyper og snøscooterløyper. Begge er også planlagt oppe i fjellområda, der støy kan bli eit problem for dei som driv friluftsliv. Spesielt løypa på Verdal kan komme i konflikt med friluftslivet frå Eikerapen inn på Homvassheia, her er det skiløype om vinteren (<http://www.eikerapen.info/turloyper/>). Vi ynskjer derfor at ein i planarbeidet kartlegg korleis støy frå løypene vil virke inn i dei regionalt viktige friluftslivsområda. Ein bør også kartleggje moglege konfliktar med friluftslivet, og kva tiltak som kan forhindre konfliktane. Våre forslag til tiltak for mindre konflikt er;

- Eit tak på kor mange som kan køyre i løypa på same tid
- Ha nokre snøscooterfrie dagar, som for eksempel søndagar og heilagdagane då mange er på tur
- Ha ein lågare fartsgrense i ei dei områda som ligg innanfor regionalt svært viktige friluftslivsområder eller i høgtliggande områder

Verknader for naturmangfald

Snøscooterkøyering i utmark kan ha negative konsekvensar for naturmangfald. Vi ber om at desse konsekvensane kartleggjast for det naturmangfaldet som finnes i og rundt løypeforslaga. Ein finn



fleire artar av særleg stor forvaltningsinteresse i Hobbesland-området, blant anna Hvitryggspett (*Dendrocopos leucotos*) som lever innanfor hekkeområdet sitt også om vinteren (naturbase.no). Ein bør ikkje leggje løypene for nært hi, spel plassar, hekkeplassar eller viktige botaniske førekomstar. Det er viktig at løypene vert stengd dersom det er for lite snø, slik at ein ikkje øydelegg vegetasjonen i områda.

Handheving av regelverk rundt snøscooterkøringa

Ulovleg køyring med snøscooter har vore eit utbreidd fenomen, også i Hægebostad kommune, til tross for at det har vore eit tilbod om snøscooterkøyring i øvingsområdet ved Sandvatn. Vi er usikre på om fleire løyper vil redusere den ulovlege køyringa, eller om det blir meir av det når det kommer nye løyper. Kanskje eit tiltak kan vere at snøscooterløypa stenges viss brukarane ikkje følgjer regelverket?

Dersom ein ser at ein manglar midlar til handheving av regelverket, bør ein ikkje leggje til rette for snøscooterløyper.

Med helsing

Camilla Moseid
Koordinator FNF Agder

For organisasjonane;
Agder botaniske forening
DNT Sør
Naturvernforbundet i Vest-Agder
Norsk zoologisk foreining Sørlandsavdelinga